

OLE ALVSVÅG
6984 Stongfjorden

Mobil 90 86 47 78

Askvoll kommune/
Sogn og Fjordane fylkeskommune

Merknad til Søknad om konsesjon på 7,5 millioner fisk frå Marine Harvest i samband med deira planar for nytt settefiskanlegg i Stongfjorden.

Underteikna vil bli ein av dei næraste naboane (gnr 11/7) dersom dei føreliggjande planane Marine Harvest har for eit settefiskanlegg i Stongfjorden, vert realiserte.

På dei påfølgjande sidene underbyggjer eg desse tre hovudkrav og påstandar:

1. Eg ber primært om at søknaden må avslåast ut frå ei heilskapsvurdering.

Denne plasseringa har samla sett for mange negative konsekvensar
Kunnskapstilfanget er for usikkert trass i mykje utgreiingsarbeid

2. Dersom anlegget likevel får alle løyve, gjennomgår eg ein del konkrete krav.

Avløpet må plasserast utafor ytste revet (Kviteneset-Stafsneset)
Mellom anna må slamhandtering sikrast nøye og støy førebyggjast

3. Dispensasjon frå kravet om 5km-distanse opnar for alternativ plassering.

Askvoll kommune kan ta tilbake ansvaret for heilskapsperspektivet i saka.

Hovudkrav 1:

Eg leverte merknad til dei to utgåvene av reguleringsplanen og er framleis motstandar av den konkrete plasseringa innerst i fjorden med ei stor utfylling og utaforliggjande kaianlegg av ukjent storleik. Eg meiner at denne feilplasseringa samla sett skaper risikofaktorar og uakseptable negative konsekvensar både for sentrumsmiljøet, rekreasjon, økosystema, gyteplassane, fiskeria og andre næringar i fjorden.

Dei avbøtande tiltaka vil naturlegvis verke dempende, men ein skal også vere merksam på at dei kan tene til å tilsløre alvorlegheitsgraden av dei samla konsekvensane.

Eg ber derfor primært om at søknaden må avslåast ut frå ei heilskapsvurdering og eit for usikkert kunnskapstilfang trass i at mykje plan- og utgreiingsarbeid er nedlagt.

Eg stiller meg kritisk til at rapport 1799 frå Rådgivende Biologer AS som ber tittelen **"Dokumentasjonsvedlegg til søknad...."** inneheld ein så grov og villeiande omtale av fjordbotnen som ein finn på side 20. Avsnittet vert avslutta med setninga: *"De gode dybdeforholdene i resipienten utenfor anlegget og de relativt dype tersklene ut mot de åpne kystnære og værharde sjøområdene utenfor medfører gode utskiftningsforhold i fjorden."* Utan tilvisning til meir detaljert områdebeskrivelse i rapport 1798, er dette grovt misvisande. Dei indre grunne tersklane er eit kritisk og sentralt moment i saka.

Rapport 1799 svekkar også seg sjølv ved at det i samandraget står *"...antas det gode strøm- og vannutskiftningsforhold i utslippsområdet med liten grad av akkumulerende forhold rundt avløpet."* Her vert det vist til rapport 1798.

I denne står det på side 33: *"Strømforholdene utenfor Stongfjorden i denne måleperioden tilsvarer derfor trolig strømforholdene en normalt finner i en lukket våg uten større ferskvannstilførsler i form av elver eller større bekker."*

Ein av forfattarane av denne rapporten (1799), som no er dagsett 04.11.2013, presenterte i eit føredrag i Florø 13.02.2013 ein plansje som inneheldt desse tre punkta under overskrifta "Resipienten sin beskaffenhet":

- *"Unngå utslipp innerst i beskyttede bukter med liten vannutskifting*
- *Ikke utslipp til basseng med grunne terskler*
- *I hvert fall ikke utslipp til små slike resipienter"*

Dessverre inneheld rapport 1799 også ein opplagt "klippe-og-lime-feil" på side 4.

Rådgivende Biologer opplyser i telefonsamtale at dei har eit langvarig, godt samarbeidsforhold og stor tillit til Marine Harvest.

I ei sak som denne må det vera store krav til forskningsmessig uavhengighet, solid grundighet og ryddighet i dokumenta.

Eg vonar også at dei undersøkingar Havforskningsinstituttet har tilrådd, og som Fiskeridirektoratet delvis gjentok i sin uttale til reguleringsplansaka, vert gjennomførde.

Hovudkrav 2:

Men om alle løyver til slutt vert gitt i høve til kommunalt vedteken detaljreguleringsplan og føreliggjande utsleppssøknad, ber eg subsidiært om dette:

1. Den risikable og kontroversielle plasseringa av anlegget innafor dei to grunne tersklane i fjorden, gjer at alle styresmaktene i denne saka no må legge føre-var-prinsippet og særleg aktsemd til grunn i alle dei vurderingar og avvegingar som skal gjerast i høve til dei ulike lovverka.

2. I konsesjons-/utsleppssaka er eg oppteken av at opplevings- og rekreasjonskvaliteten, samt arts-rikdommen, gyteplassane og fiskemengda i fjorden ikkje må forringast som ein konsekvens av plasseringa av avløpet, utslepp eller for dårleg reinsegrad.

Eg kan heller ikkje akseptere at utsleppa av næringsalter og algeoppblomstring som er omtalt i rapport 1798 og 1799 frå Rådgivende Biologer AS, får negative konsekvensar for badestrand, hamneanlegga eller auka groe og feittrand på båtar og reiskapar.

I konsekvensutgreiinga vert mekanisk reinsing grunngeve slik på side 8 i rapport 1798: *"Det er ikke planlagt noe videre rensing av avløpsvannet etter mekanisk filtrering siden utslippet skal gå ut i en stor og kystnær fjord med god vannutskifting og høy resipientkapasitet".*

Om "Virkninger av nytt settefiskanlegg" heiter det likevel i rapport 1798 side 6: *"Utslipp av organisk stoff og næringsalter vil ha middels negativ konsekvens på økosystemene i Stongfjorden" og "Virkningen vil være middels negativ for naturtype sukkertareskog og gyteområde for fisk".*

Dette er ikkje akseptabelt sjølv med avbøtande plassering av ferskvassutslepp.

I samtale med representant for Mattilsynet får eg inntrykk av at den generelle 5 km-grensa for avstanden mellom fullreinsa avløp og eksisterande oppdrettsanlegg ikkje nødvendigvis er absolutt: Jo betre reinsing, jo mindre smittefare frå smoltanlegget.

Eg ber derfor om at avløpet må plasserast utafor ytste revet (Kviteneset-Stafsneset). For ikkje å kome i konflikt med eksisterande oppdrettsanlegg bør det krevjast smittefri fullreinsing.

3. Slamhandteringa på slike anlegg er svært kritisk i høve til luktfaren. Plasseringa av anlegget som ein del av sentrumsmiljøet i bygda, gjer at det her må stillast ufråvikelege krav til lukka handtering og oppbevaring. Tilsvarande for omlasting og borttransportering. Mottaksavtale, inkludert plan B, må føreliggje til ei kvar tid. Fare for spreining av lukt må også vurderast i høve til dei særmerkte vindforholda i Stongfjorden.

4. Støy er også ei stor potensiell ureiningskjelde. Eg har fått opplyst at mellom anna slitasje på vifteanlegg kan gje kontinuerleg uønska støy som fort kan overskride det som er tillate. Slike eller andre vedvarande utilsikta støykjelder kan ikkje akseptrast.

5. Eit tilhøve som også bør vurderast er korvidt inntaksplasseringa kjem i konflikt med fiskeria. Seinast i fjor vart det kasta med snurpenot i dette området. Vert slik tradisjonelt fiskeri uråd i framtida, har ein øydelagt ein del av kulturarven som går lengre attende enn industrihistoria i bygda.

Eit anna nærliggjande spørsmål er om sjøvatnet i det indre bassenget har god nok kvalitet til eit slikt anlegg. Er eventuelle restar etter tidlegare industriutslepp, kloakktilhøva frå bygda og så bortetter godt nok undersøkte?

6. På grunn av sårbarheten som vil oppstå i det inste fjordbassenget, må det stillast eksplisitte krav om at oppfølgjande undersøkingar ikkje avgrensar seg til dokumentkontroll, men er reelle, relevante og uavhengige prøver med tilstrekkeleg hyppighet som kan føre til nedstenging.

Hovudkrav 3:

Til slutt vil eg gjenta at alle dei positive sidene – inklusive arbeidsplassar og ringverknader - ved eit slikt nytt anlegg i fjorden, også kan oppnåast dersom anlegget vert plassert lengre ute. Ja, kan hende fleire gevinstar ved hjelp av færre ulemper.

Når Mattilsynet kan opna for dispensasjon for avløpsplassering nærare enn 5 km frå andre anlegg, blir dette eit spørsmål om teknologi for fullreinsa og smittefritt avløp. Marine Harvest har ressursar til å utvikle/nytte ei trygg slik løysing.

Dei har også ressursar til å bere dei relativt små ekstrakostnadene i eit langsiktig næringsperspektiv, som ei alternativ plassering ville medføre. Og dei ville få ein betydeleg omdøme- og prestisjegevinst om dei var med på ein slik snuoperasjon.

Denne saka er for kritisk viktig til å lide under at oppspittinga i dei ulike ansvarsområda hindrar at det finnst eit styringsorgan som kan og vil ivareta heilskapsperspektivet. Eg tillet meg å tvile på at det har vore lovgjevarane sin vilje og deira tilsikta føremål.

Vi er i ein situasjon der det sit kloke folk i ulike politiske og byråkratiske posisjonar som ser heilskapen, men som er frustrerte og ikkje kan gripe fatt i og handle i forhold til den.

Kanskje er det slik som ein hardt prøvd person ein gong sa: "Der det finnst botnasolid etikk kopla med sterk vilje og sunt mot, finnst det også handlingsrom!"

Eg ber Askvoll kommune no skjære gjennom og ta tilbake dette samfunnsansvaret.

Stongfjorden, 07.02.14

Ole Alvsvåg

Vedlegg: Grunna manglande teknisk kompetanse, ber eg kommunen hente fram mine merknader i reguleringsplansaka med vedlegg og legge dei ved denne fråsegna.